



Formannskapet

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/406 - 16/3076

Saksbehandlar:

Kari Anne Iversen

kari.a.iversen@meland.kommune.no

17.02.2016

## Innkjøp av hjartestartarar

Meland kommune har motteke tilbod på kjøp av hjartestartarar frå Røde Kors, jf. vedlegg. Modellen PAD 350 står i eit særskilt varmeskåp som vert montert på utvendig vegg i det aktuelle bygget. Pris på startar og skåp er oppgitt til kr 14 980, + mva. I tilbodet vert det tilrådd at Meland kommune kjøper 5 startarar og at desse vert utplasserte på skulane Grasdalen, Vestbygd og Rossland, i tillegg til på Meland kyrkje og på rådhuset. Totalpris for dette utgjer kr 74 900,- + mva. I tillegg kjem kostnader med å etablere utvending straumtilførsel for dei bygga som ikkje har dette i dag.

Det er godt dokumentert at tidsfaktoren er svært viktig for utfallet av hjartestans, og innkjøp og utplassering av hjartestartarar kan såleis fungere som eit viktig livreddande tiltak. Dagens modellar kan i mykje større grad brukast at folk utan helsefagleg bakgrunn, og plasseringa i utvendig skåp gir god tilgjenge.

Slik administrasjonen ser det, er dette like fullt ei sak som bør utgreiast nærare, både med omsyn til behov, plasseringsstad, opplæring og service/support. Det finst også fleire leverandørar av slikt utstyr i marknaden, og sjølv om Røde Kors er ein ideell organisasjon, vil det etter innkjøpsregelverket vere mest korrekt at kommunen innhentar fleire tilbod før det vert trekt nokon konklusjon på innkjøpet.

Dersom hjartestartarar skal plasserast ut må kommunen vere trygg på at dei alltid er operative. Dersom utstyret ikkje virkar i ein reell situasjon kan verdifull tid gå tapt for pasienten, - både tid til å hente utstyret og prøve å få det til å fungere, i staden for å gå i gang med vanleg hjarte- og lungeredning. Det må difor definerast kven som har ansvar for tilsyn og kontroll av den enkelte hjartestartar.

Eit eventuelt innkjøp av hjartestartarar i 2016 har ikkje finansieringsgrunnlag i det ordinære driftsbudsjettet. Dersom administrasjonen greier ut ei sak på dette i år, kan finansiering komme med i budsjettframlegget for 2017.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Administrasjonen ser positivt på initiativet frå Røde Kors, men ønskjer å kome tilbake med ei politisk sak, der alle sider ved innkjøp, utplassering og finansiering av hjartestartarar er gjort greie for.

Med helsing

Kari Anne Iversen  
Personal- og organisasjonssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tilbod på hjartestartar

**Mottakere:**  
Formannskapet